



Møre og Romsdal fylke



Reglar for fotokonkurransen "Fylkesplan 2009-2012"

1. Konkurransen er open for alle studentar ved høgskolane, og elevar i den vidaregåande skulen i Møre og Romsdal.

Det er lov å sende inn tre bilete per person.

Siste frist for innlevering er 28. november 2008.

2. Bileta må vere merka med namn på motiv og namn på fotografen.

3. Bilda må vere av høgoppløysleige og eigna for trykk

4. Juryen består av personar frå Møre og Romsdal fylke, leia av fylkesplansjef Ole Helge Haugen. Juryen kårar vinnaren samt andre- til sjuandeplassen.

5. Det er Møre og Romsdal fylke som står bak konkurransen, og vil ha framtidig rett til å nytte og offentleggjere alle bilete vederlagsfritt på mrfylke.no og i trykksaker som er knytt til Møre og Romsdal fylke si verksemd. Bileta vil bli kreditert med opphavspersonens namn. Norsk lovverk gjeld for bruk av bilete.

6. Innsendarar kan berre delta med bilete dei sjølve har fotografert. Det er innsendar sitt ansvar å sørge for å ha opphavs- og/eller fotorett til bileta og å sørge for at eventuelle personar på bileta har godkjent at bileta vert offentleggjort.

Bilete som blir liggande på Møre og Romsdal fylke si nettside vil bli merka med opphavspersonen sitt namn.

Ein understrekar at det er eigne reglar for bilete av barn: For bilete av barn må det føreligge skriftlig samtykke frå foreldre.

7. Rettsstridige, upassande eller krenkande materiale vil bli forkasta.

8. Bileta skal vise ein reell situasjon. Dersom eit bilde er manipulert, pliktar innsendaren å opplyse om det.

9. Kunngjering av vinnarbilete og andre- til sjuandeplassen vert gjort på Møre og Romsdal fylke si nettside: www.mrfylke.no